



Arkivnr: 2018/427-3

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge 2018

Samandrag

Føremål med ordninga er å auke bruk av sykkel til rekreasjon, trening og framkomstmiddel, jf. innsatsområde 39 D i Regional kulturplan PREMISS: KULTUR.

Fylkestinget vedtok i desember 2017 å setje av kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/ sykkelvanar. Arbeidet med å auke bruken av sykkel til framkomstmiddel, trening og rekreasjon er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-2025, Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Regional kulturplan 2015-2025.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 16. februar 2016 i sak 27/2016 retningsliner for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom. Ordninga skal bidra til å få fleire born og unge i Hordaland til å sykle som transport, rekreasjon og trening. Tilskot kan løyvast til regionale prosjekt med tiltak i minst tre kommunar med mål om varing endring i barn og ungdom sine sykkelvanar.

Generelt:

Budsjett 2018: 500 000

Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge: 500 000

Søknadsfrist 2018: 15. februar

Vedtak kriteria: KIRU 16.02.2016

Kriteria og informasjon om ordninga: Informasjon på nettsida

Våren 2018:

Tal på søknader: 2

Tal på søknader som er tilrådde: 1

Samla søknadssum: kr 560 000,-

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Tiltaka skal gje ny kompetanse og ha overføringsverdi til andre kommunar. Medverknad av målgruppa vert prioritert. Det vert også oppmoda til samarbeid mellom det offentlege og organisasjonar. Tiltak for å nå minst 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule vert også prioritert. Gode prosjekt vert støtta med tilskot frå kr 100.000,- til kr 500.000. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil kr 300,- pr/time). Fylkesrådmannen oppmodar prosjekteigar til å prioritere ein plan for breiare forankring i lokale sykkelmiljø og i kommunane i Hordaland.

Søknaden frå Arna-Bjørnar fell utanfor ordninga, då det berre er tiltak i ein kommune og fordi søknadssummen er for låg. Fylkesrådmannen tilrår avslag på søknaden.

Fylkesrådmannen er positiv til ei vidareføring og vidareutvikling av Alle barn sykler, som er eit program med gode resultat og god gjennomføringskraft og som er godt forankra i Bergen kommune. Hovudmålet med prosjektet er å skape tryggleik for born på sykkel. Tilbodet går ut til alle kommunane, og har god overføringsverdi.

Fylkeskommunen har mange satsingsområder for å auke sykkelandelen i fylket. På tvers av avdelingane er det no semje om å samordne betre dei ulike ordningane og målrette satsinga i endå større grad. Tiltak som vert støtta skal følgjast opp og evaluerast.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland vedtok 20.02.2018 å tildele *Alle barn sykler* 70.000 kr i tilskott for 2018. Tilskotet frå fylkestrafikksikringsutvalet vert utbetalt når arrangementet er avslutta, og prosjektrapport motteke.

Økonomi: Det vert løyvd kr 500 000,- over budsjettpost 400.420.11

Klima: Tiltaka vil underbygge bruk av sykkel som framkomstmiddel for barn og unge sine eigne nærmiljø

Folkehelse: Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar

Regional planstrategi: Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: Eit inkluderande samfunn.

Forslag til innstilling/vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 500 000 kroner over budsjettpost 400.420.11, slik:

Namn på søkjar	Kommune	Tilråding
Arna-Bjørnar Fotball, Arna Sykkelfestival	Bergen	Avslag
Norges Cykle Forbund, Alle Barn Sykler	Bergen og Hordaland	500 000

Tilskotet føreset dokumentert plan for gjennomføring, forankring i lokale sykkelklubbar og for rekruttering av skular utanfor Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

